



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 16.12.2010
Møtetid: 09:00 - 17:35
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21.

Andre som var til stades på møtet:

- Tone Ramsli, rådmann under heile møtet
- Hilde Lill Vaage, ass rådmann under heile møtet
- Magda Haugen, politisk sekretær under heile møtet
- Nina Erdal, økonomisjef under sak nr. 51,62,63,64 og 65/10
- Jan Ove Haga, brannsjef under sak nr.58 og 59/10

Merknader:

Ordføreren orienterte om at representanten **Tyra Pedersen** har meldt seg ut av Frp og inn i Krf. Ho vert uavhengig representant ut denne perioden. Gunnar Bruvik, gruppeleiar i Frp, orienterte om prosessen i Frp i saka. Deretter orienterte Tyra Pedersen om sine vurderingar og sine val.

Orienteringar/meldingar:

- **Siri Teigland** frå Hordaland bonde- og småbrukarlag orienterte om prosjektet ”Slipp oss til – ungdom inn i landbruket”.
- **Kultursjef Marit Brennbekken** orienterte om pågåande arbeid og planar i kultureininga.

Spørsmål/interpellasjonar:

Dokument utlevert i møtet:

- Møteplan for politiske møte 2011
- Særutskrift frå Kontrollutvalet vedk. godkjenning av justerte planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i Samnanger kommune.
- Sluttrapport frå Hordaland bonde- og småbrukarlag som orienterte om prosjektet ”Slipp oss til – ungdom inn i landbruket”.
- Frå Samnanger kyrkjestyre vedk overrislingsanlegg (brannvern).
- Informasjon om sjukeheimsutbygging – midlar til planlegging.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse,

Marit A. Aase

Brikt Olav Gåsdal

Sture Tveit

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
051/10	10/625	Faste saker	
052/10	10/574	Kommunale avgifter og gebyr 2011	
053/10	10/336	Husleige kommunale bygg	
054/10	09/507	Renovasjonsavgift 2011 -ny handsaming	
055/10	09/300	Ungdomsrådet - overføring av midlar frå 2010 til 2011	
056/10	10/605	Tilleggslyving 2010 - pensjon til tidlegare tilsette i Midthordland revisjonsselskap	
057/10	10/592	Godtgjering til ordførar og varaordførar og andre politisk valde 2011	
058/10	09/537	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing	
059/10	10/615	Ny mannskapsbil til brannvesenet	
060/10	10/185	Styrking av barnevernet	
061/10	10/384	Kommunesamarbeid om lovfesta krisesentertilbod	
062/10	10/206	Budsjett 2011 - kontrollutvalet	
063/10	10/206	Budsjett 2011	
064/10	10/268	Økonomiplan 2011 - 2014	
065/10	10/527	Byggjeprogram for Samnanger barneskule	
066/10	10/458	Politisk organisering - tal representantar i kommunestyret 2011 - 2014	

Utvalet sitt kvarter:

- **Bright Olav Gåsdal Ap** tok opp praksisen med oversikt over møtegodtgjersle til politikarar. Han oppfordra medlemmene om å passa på sjølve med omsyn til å få registrert si deltaking på ulike møte.
- **Helga Nygård Sp** stilte spørsmål om evaluering av legevaktsamarbeidet med Os. Ho var oppteken av kva for metodar som skal nyttast. Ordføraren svara at det skal gjennomførast ei brukarundersøking og ei medarbeiderundersøking. Det skal også gjennomførast ein ROS-analyse for Eikedalen.
- **Gunnar Bruvik Frp** tok opp temaet om offentlege arbeidsplassar i høve til arbeidsplassar i privat verksemd i Samnanger kommune. Ordføraren svara med å visa til satsinga i kommuneplanen.
- **Nils Gåsdal Ap** spurde om stenging av badebassenget på Tysse. Ass rådmann svara at det er Røde Kors som har vaktene på den offentlege badinga. Dei styrer opninga sjølve.

SAKNR. 051/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Ordføraren gjorde framlegg om at sak nr. 65/10 vert handsama før sak nr. 62/10.

Kommunestyret sa seg samde i dette.

Det kom elles følgjande merknader:

- **Øyvind Røen Sp** hadde merknad til at Byggjeprogrammet for Samnanger barneskule ikkje var sendt ut saman med sakspapira til dei som ikkje hadde vore inne i handsaminga før. Ordføraren gjorde greie for dette: Ein svikt i våre rutinar førte til at dette ikkje vart oppdaga før måndag 13.12.10. Byggjeprogrammet er lagt ut på nettsidene til Samnanger kommune og er dermed tilgjengeleg der.
- **Sture Tveit H** hadde spørsmål til kommunen sin praksis med offentleggjering av saksdokument til møte på nettsidene til Samnanger kommune. Ordføraren svara at det vert arbeidd med dette i den nye nettportalen som kommunen no har fått på plass.
- **Brigt Olav Gåsdal Ap** stilte spørsmål om kvifor budsjettet frå kontrollutvalet no skal handsamast som eiga sak og ikkje er lagt inn som ein del av det totale budsjettet 2011. Ordføraren svara at ho har valt å gjera det slik ut frå erfaringane frå handsaming av budsjettet i 2008 og 2009.
- **Jon Magne Bogevik Frp** stilte spørsmål om kvifor sak nr. 54/10 no skal handsamast på nytt i og med at denne saka har vore handsama av kommunestyret tidlegare. Ordføraren svara at saka no står på sakskartet fordi det er kome nye opplysningar inn i saka.

Ordføraren gjorde framlegg om at følgjande medlemmer vart valde til å underteikna protokollen frå møtet: Marit A. Aase Krf, Brigt Olav Gåsdal Ap, Sture Tveit H.

KS-051/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande endringar: sak nr. 65/10 vert handsama før sak nr. 62/10.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- Følgjande medlemmer vart valde til å underteikna protokollen frå møtet: Marit A. Aase Krf, Brigt Olav Gåsdal Ap, Sture Tveit H.

SAKNR. 052/10
KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2011

08.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Fellesframlegg: Kommunale avgifter og gebyr vert oppjustert med 4% med unntak av følgjande tenester:

- Auke på 2 % på avløp.
- SFO – ikkje auke.
- Barnehage – foreldrebetaling fastsett statleg sats.
- Statleg justerte satsar i Pleie og omorg for einskilde brukarar
- Feiing og tilsyn vel 8%
- Avgifter og gebyr etter plan- og bygningslova og etter matrikkellova vert uendra.

Samrøystes vedteke.

PØ-046/10 VEDTAK:

Kommunale avgifter og gebyr vert oppjustert med 4% med unntak av følgjande tenester:

- Auke på 2 % på avløp.
- SFO – ikkje auke.
- Barnehage – foreldrebetaling fastsett statleg sats.
- Statleg justerte satsar i Pleie og omorg for einskilde brukarar.
- Feiing og tilsyn vel 8%
- Avgifter og gebyr etter plan- og bygningslova og etter matrikkellova vert uendra.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-052/10 VEDTAK:

Kommunale avgifter og gebyr vert oppjustert med 4% med unntak av følgjande tenester:

- Auke på 2 % på avløp.
- SFO – ikkje auke.
- Barnehage – foreldrebetaling fastsett statleg sats.
- Statleg justerte satsar i Pleie og omorg for einskilde brukarar.
- Feiing og tilsyn vel 8%
- Avgifter og gebyr etter plan- og bygningslova og etter matrikkellova vert uendra.

Samrøystes vedteke.

SAKNR. 053/10
HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:” Dei kommunale husleigene aukar med 3,5 %. Summen for dei einskilde husværa vert slik som tabellen som er vedlagt saka.”

Samrøystes vedteke.

PØ-054/10 VEDTAK:

Dei kommunale husleigene aukar med 3,5 %. Summen for dei einstilte husværa vert slik som tabellen som er vedlagt saka.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-053/10 VEDTAK:

Dei kommunale husleigene aukar med 3,5 %. Summen for dei einstilte husværa vert slik som tabellen som er vedlagt saka.

Samrøystes vedteke.

SAKNR. 054/10**RENOVASJONSAVGIFT 2011 -NY HANDSAMING****25.10.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonstenestene på ca 3,4%. Ny pris for ein gjennomsnittskunde vert då kr 1.943,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår. Alle prisar er eks. mva.

PØ-044/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonstenestene på ca 3,4%. Ny pris for ein gjennomsnittskunde vert då kr 1.565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ:

”Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonstenestene på ca 3,4%. Ny pris for vert då kr 1565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-048/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat as. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenestene på ca 3,4%. Ny pris for vert då kr 1565,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr. halvår + kr 27 pr ekstra tømning. Alle prisar er eks. mva.

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet rår samrøystes til at Samnanger kommune vedtek renovasjonsavgifta som tilrådd frå styret i BIR, dvs. inkl. avgift for boss-sug. .

PØ-056/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat a.s. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune, jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenesten på 3,4%. Ny sum for ein standard kunde vert kr 1.565,- for 12 tømningar, 6 pr. halvår + eit tillegg på kr 27,- pr restavfallstøming ut over dette + kr 60 pr bueining som bossnettpåslag. Alle prisar er eks. mva.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KS-054/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtar at BIR Privat a.s. får delegert fullmakt til å fakturera og krevja inn avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune, jmf. § 11 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Samnanger kommune vedtek ein auke i prisen på renovasjonsstenesten på 3,4%. Ny sum for ein standard kunde vert kr 1.565,- for 12 tømningar, 6 pr. halvår + eit tillegg på kr 27,- pr restavfallstøming ut over dette + kr 60 pr bueining som bossnettpåslag. Alle prisar er eks. mva.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i KS-sak nr. 48/10 er med dette oppheva.

SAKNR. 055/10**UNGDOMSRÅDET - OVERFØRING AV MIDLAR FRÅ 2010 TIL 2011****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Marit A. Aase Krf sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Ungdomsrådet får overført gjenståande midlar kr. 35.000,- frå 2010 til 2011-budsjettet. Føresetnaden for overføringa er at kommunen får eit overskot for 2010.”

KS-055/10 VEDTAK:

Ungdomsrådet får overført gjenståande midlar kr. 35.000,- frå 2010 til 2011-budsjettet. Føresetnaden for overføringa er at kommunen får eit overskot for 2010.

Samrøystes vedteke

SAKNR. 056/10

**TILLEGGSLØYVING 2010 - PENSJON TIL TIDLEGARE TILSETTE I
MIDTHORDLAND REVISJONSSELSKAP**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr 69.000 av disposisjonsfondet til dekking av krav om betaling av pensjonsutgifter for tidlegare tilsette i Midthordland revisjonsselskap. Løyvinga vert ført på konto nr. 1.1001.1100.3500.

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

PØ-060/10 VEDTAK:

Det vert løyvd kr 69.000 av disposisjonsfondet til dekking av krav om betaling av pensjonsutgifter for tidlegare tilsette i Midthordland revisjonsselskap. Løyvinga vert ført på konto nr. 1.1001.1100.3500.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet: Framlegget frå PØ vart samrøystes vedteke.

KS-056/10 VEDTAK:

Det vert løyvd kr 69.000 av disposisjonsfondet til dekking av krav om betaling av pensjonsutgifter for tidlegare tilsette i Midthordland revisjonsselskap. Løyvinga vert ført på konto nr. 1.1001.1100.3500.

Samrøystes vedteke

SAKNR. 057/10

**GODTGJERING TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR OG ANDRE POLITISK
VALDE 2011**

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet: Fellesframlegg:” Godtgjersla til ordførar vert auka med kr.15.000 til kr. 505.000 for 2011. Varaordførar får kr. 29.000 i godtgjersle. Godtgjerslene til andre folkevalde vert auka med 3%.” Samrøystes vedteke.

PØ-055/10 VEDTAK:

Godtgjersla til ordførar vert auka med kr.15.000 til kr. 505.000 for 2011. Varaordførar får kr. 29.000 i godtgjersle. Godtgjerslene til andre folkevalde vert auka med 3%.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Sture Tveit H sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Godtgjersla til ordførar vert auka med kr.15.000 til kr. 505.000 for 2011. Varaordførar får kr. 29.000 i godtgjersle. Godtgjersle til andre folkevalde vert i samsvar med vedteke regulativ for godtgjersle til andre folkevalde.”

Framlegget frå Sture Tveit vart samrøystes vedteke.

KS-057/10 VEDTAK:

Godtgjersla til ordførar vert auka med kr.15.000 til kr. 505.000 for 2011. Varaordførar får kr. 29.000 i godtgjersle. Godtgjersle til andre folkevalde vert i samsvar med vedteke regulativ for godtgjersle til andre folkevalde

SAKNR. 058/10

INTERKOMMUNALT SAMARBEID PÅ BRANN OG FEIING

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Det vart presisert i møtet at feiartenesta omfattar både tilsyn og feiing, og at dette for framtida måtte framhevast.

Utvalet samla seg om eit felles framlegg der ein tilrår for kommunestyret å godkjenne avtalen.

PØ-053/10 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til avtale mellom Fusa og Samnanger kommune om felles brannsjef, varabranssjef og om feiing og tilsyn.

I samband med innføring av avtalen vil det verta innført behovsprøvd feiing i Samnanger.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Brannsjef Jan Ove Haga gjorde greie for saka og svara på spørsmål frå kommunestyre-medlemmene.

KS-058/10 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til avtale mellom Fusa og Samnanger kommune om felles brannsjef, varabrannsjef og om feing og tilsyn.

I samband med innføring av avtalen vil det verta innført behovsprøvd feing i Samnanger.

Samrøystes vedteke.

SAKNR. 059/10

NY MANNSKAPSBIL TIL BRANNVESENET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert stilt til rådvelde inntil kr 200.000 til å få på plass løysing for transport m.m. av brannmannskapet. Rådmannen får fullmakt til å finna fram til beste løysing. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Brannsjef Jan Ove Haga var til stades og svara på spørsmål frå kommunestyremedlemmene.

KS-059/10 VEDTAK:

Det vert stilt til rådvelde inntil kr 200.000 til å få på plass løysing for transport m.m. av brannmannskapet. Rådmannen får fullmakt til å finna fram til beste løysing. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke.

SAKNR. 060/10

STYRKING AV BARNEVERNET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ynskjer å styrkja den førebyggjande del av barnevernet, og det vert søkt fylkesmannen om tildeling av midlar for å dekkja minst 50% stilling.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen refererte til samtale med Fylkesmannen. Med bakgrunn i framkomne tilleggsopplysningar ba ho kommunestyret endra framlegget til vedtak slik det låg føre.

Vedtaket vart retta opp i samsvar med tilleggsopplysningane:

”Samnanger kommune ynskjer å styrkja barnevernet, og det vert søkt fylkesmannen om tildeling av midlar for å dekkja minst 50% stilling. I tillegg vert det søkt om midlar til styrking av kompetansen hjå dei tilsette.”

Samrøystes vedteke.

KS-060/10 VEDTAK:

Samnanger kommune ynskjer å styrkja barnevernet, og det vert søkt fylkesmannen om tildeling av midlar for å dekkja minst 50% stilling. I tillegg vert det søkt om midlar til styrking av kompetansen hjå dei tilsette.

SAKNR. 061/10

KOMMUNESAMARBEID OM LOVFESTA KRISESENTERTILBOD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Tyra Pedersen Frp sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Samnanger kommune inngår samarbeid med Bergen kommune om lovpålagt krisesentertilbod. Kr 120.000 løyvast ekstra og takast frå disposisjonsfondet.

PØ-059/10 VEDTAK:

Samnanger kommune inngår samarbeid med Bergen kommune om lovpålagt krisesentertilbod. Kr 120.000 løyvast ekstra og takast frå disposisjonsfondet.

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli gjorde greie for saka. Det viser seg at Samnanger kommune må løyva inntil kr. 133.000,- til føremålet. Det var semje i Kommunestyret om at vedtaket må utformast etter dette og at rådmannen får fullmakt til å inngå tingingar med Bergen kommune om saka.

KS-061/10 VEDTAK:

Samnanger kommune inngår samarbeid med Bergen kommune om lovpålagt krisesentertilbod. Det vert løyvt inntil kr. 133.000,- frå disposisjonsfondet til føremålet. Rådmannen får fullmakt til å inngå tingingar med Bergen kommune i saka.

SAKNR. 062/10

BUDSJETT 2011 - KONTROLLUTVALET

25.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Økonomisjefen la fram ein tabell med oversikt over kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett, framskriving av 2010-budsjettet for kontrollutvalet (konsekvensjustert budsjett) og avviket mellom desse to. I tabellen var det lagt til grunn tidlegare vedtak i kommunestyret om at ordinær revisjon skal skiljast ut og førast på eigen funksjon. Denne tenesta er budsjettert med brutto kr 155.000 i PØ sitt framlegg til budsjett for 2011.

Det vart sett fram eit fellesframlegg som vart samrøystes vedteke.
Meirutgiftene i høve til konsekvensjustert budsjett – kr 61.841 vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

**PØ-052/10 VEDTAK:
BUDSJETT 2011 FOR KONTROLLUTVALET**

Funksjon 1.1001.1101 Art	Tekst	
0803	Møtegodtgjering	23 000
0802	Tapt arbeidsforteneste	5 000
0802	Feriepenger av tapt arb.	600
0990	Arbeidsgjevaravgift	4 800
1001	Faglitteratur	1 000
1150	Matvarer	1 500
1501	Kurs / møter	5 000
1600	KM-godtgjering	5 000
1950	Kontingent	1 000
2700	Konsulent	150000
2700	Ekstra konsulent	0
3300	Kjøp frå fylket	89 000
4290	Betalt mva	89 640
	sum utgifter	375 540
7290	Refusjon mva	89 640
7700	Refusjon frå private	
	Netto	285900

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Jens Harald Abotnes Krf sette fram følgjande framlegg til vedtak.

”Opprinneleg forslag frå Kontrollutvalet vert lagt til grunn for nytt budsjett for 2011. Må dekkast frå disposisjonsfondet.”

Det vart røysta:

Framlegget frå PØ vart sett opp mot framlegget frå Jens Harald Abotnes. PØ sitt framlegg fekk 14 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Jens Harald Abotnes fekk 7 røyster og fall.

**KS-062/10 VEDTAK:
BUDSJETT 2011 FOR KONTROLLUTVALET**

Funksjon 1.1001.1101 Art	Tekst	
0803	Møtegodtgjering	23 000
0802	Tapt arbeidsforteneste	5 000
0802	Feriepenger av tapt arb.	600
0990	Arbeidsgjevaravgift	4 800
1001	Faglitteratur	1 000
1150	Matvarer	1 500
1501	Kurs / møter	5 000
1600	KM-godtgjering	5 000
1950	Kontingent	1 000
2700	Konsulent	150000
2700	Ekstra konsulent	0
3300	Kjøp frå fylket	89 000
4290	Betalt mva	89 640
	sum utgifter	375 540
7290	Refusjon mva	89 640
7700	Refusjon frå private	
	Netto	285900

**SAKNR. 063/10
BUDSJETT 2011**

08.11.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet fekk utdelt skriv frå pleie- og omsorgsleiar med informasjon om opplegg og kostnad knytt til ein ressurskrevjande brukar. Rådmann gjorde framlegg om ein auke i løyvingane til PLO – heimebaserte tenester på netto kr 1.4 mill. kroner. Det vert finansiert med bruk av disposisjonsfondet.

Utvalet drøfta inntekspotensiale til kommunen ikkje minst med tanke på å få fullfinansiert mange store utbyggingstiltak dei næraste åra. Jmf. sak 50/10.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett vart gjennomgått.

Driftsbudsjett

Det vart gitt slike kommentarar:

- Utvalet ønskte å få seg førelagd ei sak om avlønning av støttekontaktar.
- Det må utarbeidast vedlikehaldsplanar for kommunale eigedomar inkl. ansvarsomtale. Ved nybygging bør det vurderast å få slike planar utarbeidd som del av prosjektet.
- Det er behov for vaktmeisterteneste ved kyrkjene. Dette må vurderast i samband med ein gjennomgang av behovet for stillingar til driftsavdelinga på teknisk, jmf. behov for styrking av ”parktenester” (grøn mann).

Øyvind Røen sette fram slikt framlegg:

Kyrkja si budsjetttramme vert auka slik at det vert etablert brannvarsling i kyrkja på Ådland.

*Auken i 2011 er: 80.000 kr til anlegget
 2.000 kr til tilknytingsavgift
 3.000 kr til driftskostnad*

Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak om brannsløkkingsanlegg i kyrkja på Ådland i samband med handsaminga av økonomiplanen i juni 2011.

Marit A Aase sette fram slikt framlegg:

Det vert løyvd kr 100.000 til tiltak 1.1602.2655 Fjellsikring og grøftearbeid Hagamulen.

Bright Olav Gåsadal sette fram slikt framlegg:

Skuleskyss for elevane som vart overførte frå Nordbygda til Gjerde er lagt inn i budsjettet for 1.halvår 2011. Frå og med hausthalvåret 2011 (skulestart skuleåret 2011 – 2012) skal skuleskyssen følgje reglane i opplæringslova for fri skyss. Særskilt farlege punkt på vegen må utbetrast og sikrast. Dette gjeld for heile vegstrekkja Tysse – Reistad.

Utvalet røysta over dei tre framlegga. Alle vart samrøystes vedtekne. Det var semje om at utgiftene på til saman kr 185.000 skulle dekkjast ved bruk av disposisjonsfondet.

Investeringsbudsjett

Det var ingen framlegg til endring på investeringsrekneskapen ut over at løyvinga til bufellesskap funksjonshemma vart forskyve ved at det vart ført opp kr 500.000 i 2011 og resterande sum kr 1.500.000 vart ført inn i økonomiplan i 2013. Administrasjonen vert bedt om å fremja eiga sak om denne utbygginga i løpet av våren 2011.

Det vart røysta over heile framlegg til budsjett for 2011. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke med dei ovannemnde tilleggga. Rådmannen sitt framlegg samt endringane i PØ er innarbeidd i tabellane under.

Det er i 2011 blitt gjort endringar i oppsett og ansvarsfordeling i høve til 2009 og 2010. Dette er det tatt omsyn til i oppsettet slik at tala skal bli mest mogeleg samanliknbare. For eks, flytting av politiske utval til ansvar 1.1200 frå ansvar 1.1000 og 1.1001 og flytting av premieavvik frå 1.1200 til 1.9005. Me har vidare vald å presentera budsjettet med to ulike hovudoversikter då det gir meir utfyllande informasjon.

Utvalet bestemte å utsetja handsaming av budsjettet til **kontrollutvalet** til møte 25.11.2010 då det var ein del uavklara spørsmål.

PØ-049/10 VEDTAK:

Budsjettet for Samnanger kommune for 2011 vert som følgjer:

Hovudoversikt driftsbudsjettet 2011	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
Samnanger			
Brukarbetalingar	-6 194 637	-6 183 000	-6 772 000
Andre sals- og leigeinntekter	-8 439 885	-9 941 600	-10 148 150
Overføringar med krav til motyting	-22 699 713	-13 813 614	-10 560 035
Rammetilskot	-42 225 515	-44 472 000	-68 915 000
Andre statlege overføringar	-4 902 366	-4 682 500	-3 217 633
Andre overføringar	-9 114 458	-6 234 710	-7 409 312
Skatt på inntekt og formue	-52 087 611	-52 078 000	-48 702 000
Eigedomsskatt	-8 629 516	-9 011 000	-9 090 000
Andre direkte og indirekte skattar	-898 443	-823 000	-898 443
SUM DRIFTSINNEKTER (B)	-155 192 144	-147 239 424	-165 712 573
Lønsutgifter	81 574 011	81 879 225	92 432 267
Sosiale utgifter	20 712 854	20 612 723	24 079 633
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm . teneste prod.	19 116 690	17 992 767	23 262 480
Kjøp av varer og tenester som erstattar komm teneste prod.	6 806 426	8 227 935	6 941 922
Overføringar	13 209 236	13 408 907	14 231 268
Avskrivningar	5 408 971	5 501 731	6 017 660
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	146 828 188	147 623 288	166 965 230
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-8 363 956	383 864	1 252 657
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-1 065 653	-830 000	-960 000
Mottatte avdrag på utlån	-3 600	-30 000	-10 000
SUM EKSTERNE FINANSINNEKTER (E)	-1 069 253	-860 000	-970 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	3 314 349	2 610 000	3 209 750
Avdragsutgifter	2 934 901	6 318 800	4 616 700
Utlån	0	30 000	10 000
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	6 249 250	8 958 800	7 836 450
Resultat eksterne finansieringstransaksjonar	5 179 997	8 098 800	6 866 450
Motpost avskrivningar	-5 408 971	-5 501 731	-6 017 660

Hovudoversikt driftsbudsjettet 2011	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	-8 592 930	2 980 933	2 101 447
Bruk av tidlegare års regnskapsmessig mindreforbruk	-2 476 867	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 171 322	-1 008 643	-1 794 004
Bruk av bundne fond	-2 461 216	-2 857 500	-1 302 886
Bruk av likviditesreserve	-2 729 053	0	0
SUM BRUK AV AVSETTINGAR (J)	-8 838 458	-3 866 143	-3 096 890
Overført til investeringsregnskapet	2 229 226	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	4 624 699	0	73 000
Avsettingar til bundne fond	5 890 445	885 210	922 443
SUM AVSETTINGAR (K)	12 744 370	885 210	995 443
REGNSKAPSMESSIG MEIR- MINDREFORBRUK (L = I+J-K)	-4 687 018	0	0

Hovudoversikt investeringsbudsjett 2011	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
Samnanger			
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	-957 500	-700 000	-600 000
Andre salsinntekter	0	0	0
Overføringar med krav til motyting	-965 355	0	-100 000
Statlege overføringar	-334 000	0	0
Andre overføringar	-12 000	0	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0
SUM INNTEKTER (L)	-2 268 855	-700 000	-700 000
Lønsutgifter	280 373	0	0
Sosiale utgifter	73 216	0	0
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal teneste prod.	7 813 595	2 230 000	28 504 167
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal teneste prod	0	0	0
Overføringar	2 111 700	0	0
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	0	0	795 833
Fordelte utgifter	0	0	0
SUM UTGIFTER (M)	10 278 884	2 230 000	29 300 000
Avdragsutgifter	1 191 762	448 000	432 000
Utlån	0	0	0
Kjøp av aksjar og andelar	37 615	0	0
Dekning tidligare års udekket	0	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	689 779	0	0
Avsetningar til bundne fond	141 992	520 000	600 000
Avsetningar til likviditetsreserve	0	0	0
SUM FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR (N)	2 061 148	968 000	1 032 000

Hovudoversikt investeringsbudsjett 2011	Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
FINANSIERINGSBEHOV (O = M+N-L)	10 071 177	2 498 000	29 632 000
Bruk av lån	-2 747 684	-300 000	-28 700 000
Mottatte avdrag på utlån	-1 191 762	-448 000	-432 000
Sal av aksjar og andelar	0	0	0
Bruk av tidlegare års overskot	0	0	0
Overføringer frå driftsregnskapet	-2 229 226	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-300 000	-650 000	-400 000
Bruk av ubundne investeringsfond	-750 600	-700 000	0
Bruk av bundne fond	-2 552 714	-400 000	-100 000
Bruk av likviditetsreserve	-299 193	0	0
SUM FINANSIERING (R)	-10 071 179	-2 498 000	-29 632 000
UDEKKET/UDISPONERT (S = O-R)	0	0	0

Det inneber fylgjande ramme fordelt på einingane/funksjonar:

		Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
1100	Rådmann			
	Netto driftsutgifter	1 847 572	1 733 532	1 850 773
	Netto finansutgifter	0	0	0
	Sum	1 847 572	1 733 532	1 850 773

1103	Pedagogisk teneste			
	Netto driftsutgifter	516 648	527 627	570 275
	Netto finansutgifter	0	0	0
	Sum	516 648	527 627	570 275

1300	Samnanger kyrkjestyre og andre livssynsorgan			
	Netto driftsutgifter	2 345 236	2 273 500	2 575 600
	Netto finansutgifter	-154 354	0	32 300
	Sum	2 190 882	2 273 500	2 607 900

140x	Næringsføremål			
	Netto driftsutgifter	-7 935 864	-5 472 950	-7 032 393
	Netto finansutgifter	-56 502	171 000	706 443
	Sum	-7 992 366	-5 301 950	-6 325 950

1200	Politisk nivå og revisjon (tidl .ansvar 1000 – 1001)			
	Netto driftsutgifter	1 578 002	1 530 080	2 146 825

		Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
	Netto finansutgifter	0	0	0
	Sum	1 578 002	1 530 080	2 146 825

1201	Eining for interne tenester (premieavvik overført finans i 2010)			
	Netto driftsutgifter	5 872 648	9 680 375	10 115 777
	Netto finansutgifter	73 500	0	0
	Sum	5 946 148	9 680 375	10 115 777

1202	Diverse fellesutgifter (tidl. ansvar 1200)			
	Netto driftsutgifter	443 244	604 755	2 878 100
	Netto finansutgifter	0	0	0
	Sum	443 244	604 755	2 878 100

150x	Kultureining			
	Netto driftsutgifter	2 152 779	2 351 383	3 208 619
	Netto finansutgifter	-12 677	-35 000	-350 000
	Sum	2 140 102	2 316 383	2 858 619

160x	Teknisk eining			
	Netto driftsutgifter	6 920 650	6 975 850	9 800 476
	Netto finansutgifter	9 781 680	8 038 528	8 805 181
	Sum	16 702 330	15 014 378	18 605 657

2000	Skule og barnehage: felles			
	Netto driftsutgifter	-1 164 442	1 791 695	4 196 056
	Netto finansutgifter	3 107 173	-28 000	0
	Sum	1 942 731	1 763 695	4 196 056

2030	Samnanger ungdomsskule			
	Netto driftsutgifter	10 007 238	10 190 903	10 480 327
	Netto finansutgifter	-4 378	0	0
	Sum	10 002 860	10 190 903	10 480 327

2210	Samnanger barneskule			
	Netto driftsutgifter	17 113 485	16 920 788	16 255 726

		Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
	Netto finansutgifter	-93 381	0	0
	Sum	17 020 104	16 920 788	16 255 726

2040	Barnehageeininga			
	Netto driftsutgifter	3 996 769	4 237 257	13 438 105
	Netto finansutgifter	-31 538	-1 469 568	30 432
	Sum	3 965 231	2 767 689	13 468 537

300x / 320x	Sosial- og helseeininga			
	Netto driftsutgifter	11 043 724	11 759 050	14 464 639
	Netto finansutgifter	378 336	24 000	24 000
	Sum	11 422 060	11 783 050	14 488 639

310x / 311x	Pleie og omsorg			
	Netto driftsutgifter	37 931 524	38 925 611	40 872 387
	Netto finansutgifter	-251 847	-250 000	-146 000
	Sum	37 679 677	38 675 611	40 726 387

9000	Skatt og rammetilskot			
	Netto driftsutgifter	-104 115 848	-106 177 300	-127 290 500
	Netto finansutgifter	1 009 435	0	0
	Sum	-103 106 413	-106 177 300	-127 290 500

9001	Renter og avdrag			
	Netto driftsutgifter	0	0	0
	Netto finansutgifter	5 183 597	8 098 800	6 866 450
	Sum	5 183 597	8 098 800	6 866 450

9002	Interne finansieringstransaksjonar			
	Netto driftsutgifter	0	0	0
	Netto finansutgifter	3 146 970	-1 008 643	-1 794 004
	Sum	3 146 970	-1 008 643	-1 794 004

9003	Avskrivning			
	Netto driftsutgifter	0	0	0
	Netto finansutgifter	-5 408 971	-5 501 731	-6 017 660
	Sum	-5 408 971	-5 501 731	-6 017 660

9004	Fordelte renteutgifter			
	Netto driftsutgifter	0	0	0

		Regnskap 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
	Netto finansutgifter	-2 894 090	-2 921 519	-3 392 139
	Sum	-2 894 090	-2 921 519	-3 392 139

9005	Premieavvik			
	Netto driftsutgifter	-2 326 292	-2 970 023	-3 295 795
	Netto finansutgifter	0	0	0
	Sum	-2 326 292	-2 970 023	-3 295 795

- ✓ Utvalet ønskte å få seg førelagd ei sak om avlønning av støttekontaktar.
- ✓ Det må utarbeidast vedlikehaldsplanar for kommunale eigedomar inkl. ansvarsomtale. Ved nybygging bør det vurderast å få slike planar utarbeidd som del av prosjektet.
- ✓ Det er behov for vaktmeistertjeneste ved kyrkjene. Dette må vurderast i samband med ein gjennomgang av behovet for stillingar til driftsavdelinga på teknisk, jmf. behov for styrking av ”parktenester” (grøn mann).
- ✓ Sak om funksjonshemma som inkluderer m.a. lokalisering vert førebudd for politisk handsaming vår 2011

16.12.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kristian Jørgensen Krf gjekk frå møtet før handsaming av sak 63/10 - Kommunestyret talde etter dette 20 medlemmer

Jon Magne Bogevik Frp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

